



VOSSESKULEN

BYGD FOR ALLE

Mandat

Ein skule for framtida

Bakgrunn

Grunnskulen i Voss herad har dei siste åra opplevd ei aukande utfordring knytt til å rekruttera nok og riktig kompetanse til skulane. Rekrutteringsutfordringane ventes å auka i åra som kjem i takt med at fleire vert eldre, og at det vert færre innbyggjarar i arbeidsfør alder. Søkjartala til lærarutdanning har falt dramatisk dei to siste åra.

Me har dei siste åra sett ein vekst i tenester både i helse og i oppvekstsektoren. Samstundes har kostnadene og behovet for arbeidskraft auka i takt med denne veksten. Det tenestenivået me har i kommunen i dag, krevjar fleire tilsette enn me vil ha tilgang på framover. Me må difor sjå på kva tenester me skal gje, korleis me skal gje dei og om det er andre måtar å gjera det på enn i dag.

Det har kome nye krav til formell kompetanse i klasserommet, samt krav til undervisningsarenaen generelt, med meir teknologi, praktisk undervisning m.m. Voss herad er ein geografisk stor kommune og har ein desentralisert skulestruktur med mange og til dels små skular. Dette gjer at me har ein kostbar skuledrift, der strukturen motverkar moglegheita for ein viss fleksibilitet innan ressursstyring. Ein får mindre sambruk av både menneskelege ressursar, samt materielle ressursar som til dømes spesialrom, IT-utstyr, infrastruktur og anna. Det er mange bygg som er gamle og har store behov for vedlikehald og rehabilitering.

Kvalitetsmålingar i skulane viser også at det bør jobbast med å betra resultat og kvalitet i opplæringa. Det er store skilnader mellom skulane og ein del av vurderinga bør difor vera korleis me kan sikra best opplæringstilbod i heradet uavhengig av kvar skulen er plassert.

Voss herad sitt prosjektet Voss iPluss2027, stiller krav til alle kommunalavdelingar om å omstille tenestene til å verte og halde seg berekraftige. Dette prosjektet er ein del av oppvekst sin prosess for å stetta målsetjingane i det overordna prosjektet.



Mål og ramme

Målsetting – overordna mål

Hovudmålet er å skapa ein robust og kvalitativ god skule, som toler svingingar i elevtal og forventa rekrutteringsutfordringar, og som klarar å drifta innanfor løyvde rammer.

- At me klarar og rekruttera og behalda tilsette
- At me har berekraftige tenester som oppfyller lærarnorm og stettar kompetansekrav
- At me har bygg og einingar som stettar meir fleksibel bruk av ressursar

Resultatmål – Kva

Prosjektet skal etablira eit kunnskapsgrunnlag for å skissera fagleg begrunna alternativ og tilrådingar for endringar i skulestrukturen. Kvart alternativ skal vurderast med effektar på kvalitet/elev, tilsette, økonomi og klima og miljø. Aktuelle alternativ det kan vera nyttig å vurdera er:

- Nybygg/påbygg med plass til fleire elevar
- Samla alle ungdomsskule elevane i heradet til Voss ungdomsskule
- Styrkja ungdomstrinna i grendene ved å endra krinsgrenser
- Samanslåing av skular i Voss sentrumsområde
- Samanslåing av skular i grendene
- Behalde noverande skulestruktur
- Endra skulekrinsgrenser

Utgreiinga skal resultera i forslag til tiltak som sikrar:

- **Berekraftige skuleeininger:** Skular med tilstrekkeleg elevgrunnlag for å oppretthalde god undervisningskvalitet.
- **Effektiv ressursforvaltning:** Optimal bruk av økonomiske og menneskelege ressursar.
- **Oppfylling av kompetansekrav:** Alle skular har tilstrekkeleg kompetente lærarar for å møte både nasjonale og lokale krav.
- **Framtidsretta struktur:** Skulestrukturen er rusta for framtidige demografiske og økonomiske endringar, 30 år fram i tid.

Innhald i utgreiinga

Tema som bør vurderast i gjennomgangen inkluderer, men er ikkje avgrensa til:

- **Demografisk utvikling:** Kartlegging av befolkningsutviklinga i ulike tettstader i heradet, med fokus på prognosar for skuleborn dei neste 30 åra. Analysar over utvikling i behov for tilrettelagd opplæring og prognosar på dette for framtida. o kartlegging av befolkningsutviklinga på eit overordna nivå i heradet
- **Kompetansekrav:** Analyse av kva grad skulane oppfyller gjeldande krav til lærarkompetanse, inkludert spesialpedagogikk og andre fagspesifikke behov.



- **Ressursutnytting:** Skildra den økonomiske og fysiske ressursutnyttinga ved skulane inkludert ledig kapasitet, og korleis lærarnorm kan verte opprettholdt. Skildra korleis fråvær, vikardekning og turnover påverkar opplæringa. Skildra optimal klassestørrelse ut i frå lokale forhold og forsking. Bruk av administrative- og leiarressursar vil verte vurdert. I utgreiinga skal ein kartlegga moglegheiter for oppgåvedeling i Vossaskulen.
- **Kvalitet i opplæringa:** Vurdering av skulane si evne til å levera eit godt kvalitativt opplæringstilbod til alle gruppe basert på skulane sine moglegheiter til å oppfylla:
 - o Individuelt tilrettelagt opplæring
 - o Lærarnorm
 - o Praktisk undervisning og uteskule skal vurderast
- **Geografiske og transportmessige faktorar:** Vurdering av skulen si plassering og elevane si reisetid. I utgreiinga skal ein gjera greie for ev. transportmoglegheiter for å ta ned reisetid i forslaga som blir utarbeida.
- **Tilstandsvurdering av skulebygga:** Elevane våre skal få opplæring i bygg som er fleksible og oppfyller krav til standard fram i tid. Tilstanden for skulebygga skal vurderast ut frå tre kriterium. Det første er teknisk stand for å kartlegga no-situasjonen. Dei to andre er rom for tilpassing av skulane (fleksibilitet) og om dei har dei funksjonane som trengs for dagleg drift (funksjonalitet). Skulebygg som har god teknisk standard, er fleksible og funksjonelle, vil då berre ha behov for teknisk oppgradering i levetida. Der det er dårleg score på alle tre, må det vurderast riving el nybygg. Målet er å ha framtidsretta bygg og ein stabil struktur.
- **Praktisk undervisning:** Utgreiinga skal vurdera bygga sine kvalitetar for å driva praktisk undervisning, samt korleis uteareal og nærområde ligg til rette for å driva praktisk undervisning ute.
- **Vurdering av økonomiske og miljømessige konsekvensar:** I utgreiinga skal ein kartlegga konsekvensane for nærmiljøet.
- **Barnets beste jf. Lovverk og barnekonvensjonen.**

Organisering av prosjektet

Oppdragsgivar: Rådmannen

Administrativ styringsgruppe: Rådmannen si leiargruppe

Prosjekteigar: Kommunalsjef oppvekst

Prosjektleiar: Skulesjef

Prosjektgruppe/arbeidsgruppe: rektorar, skulesjef, hovudtillitsvalde , hovudverneombod og representant frå Strategi og styring. Representant frå kommunalavdeling teknisk skal delta i kartleggingsfasen og analyseprosessar.

Prosess og medverknad

Arbeidet skal gjennomførast i tett dialog med relevante interessentar, inkludert:

- Skuleleiinga og tilsette i skule
- Foreldre og elevråd
- Borns rett til uttale og medverknad skal sikrast i prosessen



- Politisk leiing og administrasjon i Voss herad
- Fagforeiningar og vernetenesta
- Det skal utarbeidast ein kommunikasjonsplan som tek i vare både bodskap og ansvar for kommunikasjon ut mot innbyggjarar, politikarar, tilsette og andre interessentar.
- Rapportering som del av det overordna prosjektet Voss iPluss 2027

Gjennomgangen skal bygge på både kvantitative og kvalitative data, inkludert befolkningsprognosar, økonomiske analyser og høyringar med brukarar av skulen. Medverknad skal skje undervegs i heile prosessen, på ulike nivå med dei aktuelle interessentane og fagforeiningar. Prosess knytt til vurdering av skulebygg må sjåast på i samanheng med kommunalavdeling for tekniske teneste sitt prosjekt om arealeffektivisering av kommunale bygg.

Oppgåver og framdrift

Oppgåve	Kven	Frist
Etablera mandat	Kommunalsjef oppvekst	4.februar 2025
Politisk handsaming av mandat	FPL	13.mars 2025
Revisjon mandat	LEV	11. juni 2025
Revisjon mandat	FPL	12. juni 2025
Kartlegging og analyse – etablera kunnskapsgrunnlag	Skulesjef	27. juni 2025
Medverknadsprosessar til utgreiing av ulike alternativ	Skulesjef	Mai/juni 2025
Ferdigstilling høyringsutkast av kunnskapsgrunnlag og tilrådde endringar	Skulesjef	22. september 2025
Kunnskapsgrunnlag og tilrådde endringar vert lagt ut på høyring i 6 veker	LEV	15. oktober 2025
Kunnskapsgrunnlag og tilrådde endringar vert lagt ut på høyring i 6 veker	FPL	16. oktober
Ferdigstilling av rapport og tilrådingar for framtidsretta skulestruktur	Skulesjef	2. januar 2026
Politisk handsaming	FPL/LEV/HS	Januar/februar 2026
Iverksetjing av endringar	Skulesjef	August 2027



Interessentar

